



SAKSFRAMLEGG

Høyring - endringar i energiloven om krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje

Utval sak	Utval	Møtedato
35/15	Formannskapet	20.05.2015
22/15	Kommunestyret	27.05.2015

Bakgrunn:

Olje- og energidepartementet sendte 15. april framlegg til endringar i energiloven om krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje til høyring med frist 27. mai. Dokumenta i saka kan lesast på www.regjeringen.no/id2405904.

Hovudframlegget er at energiloven blir endra slik at det blir stilt krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje mellom nettverksemd og anna verksemd for alle energiføretak med inntektsramme fastsett av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Selskap med meir enn 100 000 kundar har per i dag eit krav om at nettverksemd blir skilt frå produksjon og omsetnad av elektrisk energi, medan dei mindre selskapa ikkje har eit slikt krav. Departementet sitt framlegg aukar kravet til skiljet, ved at det gjeld skilje mellom nettverksemd og all anna verksemd, ikkje berre med produksjon og omsetnad av elektrisk energi.

Ei ekspertgruppe leia av Eivind Reiten (Reiten-ualet) leverte 5. mai i fjor sin rapport «Et bedre organisert strømmnett», der dei tek til orde for fleire endringar. Departementet ser på selskapsmessig og funksjonelt skilje som dei viktigaste tilrådingane, og kjem med framlegg om å føra desse prinsippa inn i energilovgjevinga.

Gjennom eit slikt krav vil ein skilje føretaka sine monopolverksemd (nettverksemd) og konkurranseutsett verksemd. Selskapsmessig skilje inneber at nettverksemd må skiljast ut i ei eigen juridisk eining, til dømes som datterselskap i konsern. Det blir vidare stilt krav om at nettselskap korkje kan eiga eller bli eigd av konkurranseutsett verksemd.

Funksjonelt skilje betyr at personar i leiinga i nettføretaket ikkje kan delta i leiinga i søsterselskap i konsernet.

Det er ikkje framlegg om eigarmessig skilje, noko som ville gjera et ein aktør ikkje kunne eige både nettverksemd og konkurranseutsett verksemd.

Departementet meiner at det er føremonar med integrasjon mellom nettverksemd og konkurranseutsett verksemd, i fyrste rekkje gjennom effektiv koordinering mellom produksjon, forbruk og nett (samdriftsføremonar). Det meiner samstundes at det er ulemper med integrasjon. Dei viktigaste er ineffektiv tilpassing og ineffektiv konkurranse.

«Integrerte selskap vil kunne bruke egen kundebase til å fremme omsetningsvirksomhet. Selskapet kan vidare ha insentiver til å konkurrere hardt i konkurransedelen og la nettet belastes en større andel av kostnadene, og gjennom det gjøre det mindre attraktivt for konkurrenter å etablere seg. Dette kan gi høyere nettkostnader enn nødvendig og på lang sikt også høyrere kostnader i den konkurranseutsatte virksomheten» (Høyringsbrevet s. 6).

Departementet meiner vidare at integrerte selskap kan syta for eigen produksjon ved nettplanlegging.

Høyringsbrevet viser til NVE sine analysar av drifts- og vedlikehaldskostnadar i perioden 2004-2013. Desse gjev at nettselskap som òg driv kraftproduksjon eller kraftomsetnad har om lag 15 prosent høgare kostnadar per kilometer nett, sjølv om det er teke omsyn til kundetettleik og geografi.

I samband med høyringa av Reiten-utvalet sin rapport var mange mindre kraftselskap negative til framlegg om selskapsmessig og funksjonelt skilje, og meinte det var kostnadsdrivande og byråkratiserande. Større selskap var gjennomgåande positive til framlegget.

Sjølv om framlegget vil føra til ei auke i kostnadar på kort sikt, legg departementet vekt på at *«Gjennom bedre organisering av strømnettet vil det legges bedre til rette for å relisere stordriftsfordeler og dermed redusere nettkostnadene på lang sikt»* (Høyringsbrevet s. 22-23).

Det er i tillegg framlegg om å oppheva kompetanseforskriften, som krev at kraftselskapa skal ha kompetanse internt i verksemda.

Vurdering:

Rådmannen vil innleiingsvis påpeike at høringsfristen i denne saka er uforsvarleg kort, med tanke på kompleksiteten i saka og dei moglege konsekvensane av endringane. Høyringsbrevet er dagsett 15. april, og høringsfristen er 27. mai.

Framlegget vil i fyrste rekkje få konsekvensar for dei mindre kraftselskapa i Noreg. Krav om skilje er allereie gjeldande for selskap med meir enn 100 000 kundar. I tillegg vil mindre kraftselskap i større grad bli råka av at dei i mindre grad enn i dag får høve til å nytta personell og system på tvers av dei ulike verksemdene.

Rådmannen meiner at den store skilnaden som NVE har funne i driftskostnadar mellom integrerte selskap og selskap med skilje mellom dei ulike områda gjer at det bør setjast i verk tiltak. Desse kan vera auka kontroll og oppfølging, eit auka krav til revisjon av årsresultat eller ei endring i berekning av nettleige.

Krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje vil føra til ei sentralisering av nettverksemda i Noreg. Departementet peiker i høyringsbrevet på ei auke i stordriftsføremonene i nettdrifta som ein positiv verknad.

Mindre kraftselskap nyttar gjerne tilsette på tvers av dei ulike områda, og får difor ei svært effektiv drift. Selskapsmessig skilje vil gjera dette vanskeleg. Nettselskapa må anten ha eigne tilsette for eiga drift, eller kjøpa desse tenestene på marknaden. Sett i samanheng med oppheving av kompetanseforskrifta, vil dette gjera at kraftselskapa ikkje lengre sjølv må ha kompetanse til å løyse problem i nettet, men kan kjøpa dette av underleverandørar. Dette fører til beredskapsmessige utfordringar.

Arbeidsplassane i kraftselskapa i Noreg er viktige for lokalsamfunna. Sjølv om ei sentralisering isolert sett vil kunna gje ei lågare nettleige, vil dette føra til at kompetansearbeidsplassar i distrikta forsvinn.

Det er i vår region mange mindre kraftlag som driv integrert, mellom anna Fitjar Kraftlag, Finnås Kraftlag og Tysnes Kraftlag. Desse vil måtte gjera endringar i selskapsstruktur og bemanning som følgjer av dei nye krava.

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar kommune gjev følgjande høyringssvar:

Fitjar kommune meiner det er viktig å sikre at nettleiga blir så låg som mogleg, bygd på riktige kostnadar for å byggja og vedlikehalda eit robust elektrisitetsnett.

Fitjar kommune meiner det bør vurderast tiltak for å sikra at nettleiga blir sett til riktig nivå, men dette kan gjerast gjennom kontroll av driftsrekneskap og eventuelt ein revisjon av korleis den årlege inntektsramma blir sett.

Framlegg om selskapsmessig og funksjonelt skilje vil ha negative konsekvensar, mellom anna høgare kostnader, og bør ikkje innførast. Framlegget vil føra til ei sentralisering av nettverksemda i Noreg.

Kraftselskapa lyttar i stor grad til kommune og lokalsamfunn i utarbeiding av planar for drift og vedlikehald av nettstrukturane. Dette gjev god lokal påverknad av ei viktig teneste for busetnad og utvikling. Større nettselskap vil i mindre grad ha høve til å gjera lokale tilpassingar etter lokale ønskjer.

Eit selskapsmessig og funksjonelt skilje vil gjera det vanskelegare å finna gode løysingar for felles infrastruktur mellom til dømes kraftnett og breiband.

Arbeidsplassane som dei lokale kraftselskapa gjev er svært viktige for lokalsamfunna. Kraftselskapa utgjer kompetansemiljø som bidreg til at det blir attraktivt å bu i distrikta. Selskapa bidreg i tillegg mykje til kultur- og idrettsliv i lokalmiljøa gjennom overskotsdeling.

Ei sentralisering vil i tillegg gje negative konsekvensar for samfunnstryggleiken i distrikta. Dette vil bli forverra av at forskrift om kompetanse blir oppheva. Større nettselskap vil ikkje naudsyntvis ha lokale tilsette, og stengte vegar og andre hindringar kan auka tidsbruken i reparasjonar av straumnettet betydeleg.

Behandling i Formannskapet - 20.05.2015:

Representanten Agnar Aarskog (AP) ba formannskapet vurdere hans gildskap då han er styreleiar i Fitjar kraftlag. Representanten vart samrøystes erklært ugild, og gjekk frå møtet. Representanten Thoralf Røen (AP) møtte som vara.

Formannskapet drøfta saka.

Rådmann Atle Tornes kom med følgjande endringar til framlegget:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommune vil gå i mot forslaget til endringar i energilova, mellom anna av fylgjande årsaker:

Fitjar kommune meiner det er viktig å sikre at nettleiga blir så låg som mogleg, bygd på riktige kostnader for å byggja og vedlikehalda eit robust elektrisitetsnett.

Fitjar kommune meiner det bør vurderast tiltak for å sikra at nettleiga blir sett til riktig nivå, men dette kan gjerast gjennom kontroll av driftsrekneskap og eventuelt ein revisjon av korleis den årlege inntektsramma blir sett.

Framlegg om selskapsmessig og funksjonelt skilje vil ha negative konsekvensar, mellom anna høgare kostnader, og bør ikkje innførast. Framlegget vil føra til ei sentralisering av nettverksemda i Noreg.

Kraftselskapa lyttar i stor grad til kommune og lokalsamfunn i utarbeiding av planar for drift og vedlikehald av nettstrukturane. Dette gjev god lokal påverknad av ei viktig teneste for busetnad og utvikling. Større nettselskap vil i mindre grad ha høve til å gjera lokale tilpassingar etter lokale ønskjer.

Eit selskapsmessig og funksjonelt skilje vil gjera det vanskelegare å finna gode løysingar for felles infrastruktur mellom til dømes kraftnett, breiband, vatn og avlaup.

Arbeidsplassane som dei lokale kraftselskapa gjev er svært viktige for lokalsamfunna. Kraftselskapa utgjer kompetansemiljø som bidreg til at det blir attraktivt å bu i distrikta. Selskapa bidreg i tillegg mykje til kultur- og idrettsliv i lokalmiljøa gjennom overskotsdeling.

Ei sentralisering vil i tillegg gje negative konsekvensar for samfunnstryggleiken i distrikta. Dette vil bli forverra av at forskrift om kompetanse blir oppheva. Større nettselskap vil ikkje naudsyntvis ha lokale tilsette, og stengte vegar og andre hindringar kan auka tidsbruken i reparasjonar av straumnettets betydeleg.

Tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommune vil gå i mot forslaget til endringar i energilova, mellom anna av følgjande årsaker:

Fitjar kommune meiner det er viktig å sikre at nettleiga blir så låg som mogleg, bygd på riktige kostnader for å byggja og vedlikehalda eit robust elektrisitetsnett.

Fitjar kommune meiner det bør vurderast tiltak for å sikra at nettleiga blir sett til riktig nivå, men dette kan gjerast gjennom kontroll av driftsrekneskap og eventuelt ein revisjon av korleis den årlege inntektsramma blir sett.

Framlegg om selskapsmessig og funksjonelt skilje vil ha negative konsekvensar, mellom anna høgare kostnader, og bør ikkje innførast. Framlegget vil føra til ei sentralisering av nettverksemda i Noreg.

Kraftselskapa lyttar i stor grad til kommune og lokalsamfunn i utarbeiding av planar for drift og vedlikehald av nettstrukturane. Dette gjev god lokal påverknad av ei viktig teneste for busetnad og utvikling. Større nettselskap vil i mindre grad ha høve til å gjera lokale tilpassingar etter lokale ønskjer.

Eit selskapsmessig og funksjonelt skilje vil gjera det vanskelegare å finna gode løysingar for felles infrastruktur mellom til dømes kraftnett, breiband, vatn og avlaup.

Arbeidsplassane som dei lokale kraftselskapa gjev er svært viktige for lokalsamfunna. Kraftselskapa utgjer kompetansemiljø som bidreg til at det blir attraktivt å bu i distrikta. Selskapa bidreg i tillegg mykje til kultur- og idrettsliv i lokalmiljøa gjennom overskotsdeling.

Ei sentralisering vil i tillegg gje negative konsekvensar for samfunnstryggleiken i distrikta. Dette vil bli forverra av at forskrift om kompetanse blir oppheva. Større nettselskap vil ikkje naudsyntvis ha lokale tilsette, og stengte vegar og andre hindringar kan auka tidsbruken i reparasjonar av straumnettets betydeleg.

Behandling i Kommunestyret - 27.05.2015:

Representanten Agnar Aarskog (AP) sa seg ugild i saka som styreleiar i Fitjar kraftlag og fråtrådte møtet.

Det var ikkje kalla inn vararepresentant.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

Atle Tornes
Rådmann